

Stønad til seminar og kurs

21.08.2008

Uskedal skulemusikk har fått stønad frå kommunen til seminar og kurs som korpset har delteke i dette året

For to deltakarar på rødt sommarkurs i Ølensvåg i slutten av juli har korpset fått 2.400 kroner som er maksimal stønad.

For ein deltakar i gult sommarkurs i Ølensvåg ved månadsskiftet juli/august har korpset fått 1.200 kroner som også er maksimal stønad.

For to deltakarar på blått sommarkurs i Ølensvåg i byrjinga av august har korpset også fått 2.400 kroner.

For tre dagars kurs (helgeseminar) i samband med 'Gonna fly now' tilskipa av skulekorpsa i Rosendal og Uskedalen har korpset fått 1.500 kroner, som også er maksimal stønad.

- Lukke til med vidare samarbeid mellom skulekorpsa, skriv kulturkonsulent Anne Bogegård i tilskotsbrevet.